



Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2024/1145-1

Saksbehandlar: Ivar Bø

Saksgang

Saksnummer

Møtedato

Utval

2024/3120.06.2024Kommunestyret

Samanslåing av nett- og fiberselskapa i Skjåk Energi AS og Gudbrandsdal Energi-konsernet

Vedlegg:

1. Vurdering av alternativer for Skjåk Energi sin nett- og fibervirksomhet, Thema Consulting
2. Sak 2024-20 Fusjon Skiakernett/Vevig og Skjåk Energi Entreprenør/Gudbrandsdal Energi Fiber
3. Vurdering av nettleige, AFRY
4. Rapport om nettleige, Straumr
5. Overdragelsesavtale
6. Aksjonæravtalene Vevig
7. Aksjonæravtale GE Fiber
8. Erklæring overfor Skjåk kommune
9. Tenestekjøpsavtale

Saksutgreiing

Skjåk Energi AS og Gudbrandsdal Energi Holding AS har forhandla fram utkast til avtale om fusjon av nett- og fiberselskapa i dei to konserna. Dette gjeld selskapa SkiakerNett AS og Skjåk Energi Entreprenør AS som er tenkt fusjonert med hhv. Vevig AS og Gudbrandsdal Energi Fiber AS. Skjåk Vasskraft AS og Aursjokraft AS er ikkje omfatta av avtalen. Skjåk Energi AS vil fortsatt eige Skjåk Vasskraft AS og Aursjokraft AS 100 %.

I Strategisamling november 2021 vart det vedteke å greie ut korleis SkiakerNett kunne utvikles vidare.

Utdrag frå saksunderlaget frå november 2021:

"Trenden over ei periode har vore at nettselskap har fusjonert og vorte til større einingar. Dette har ført til at SkiakerNett no ligg blant dei 5 minste nettselskapa i landet. Utfordringa framover vert korleis ein kan møte strengare krav frå styresmaktene knytt til nettdrift på ein lønsam måte."

Det vart utpeikt tre hovudalternativ:

- (i) Fortsetje som eget selskap

- (ii) Fusjonere med anna selskap
- (iii) Selje nettselskapet

I styremøte 8. juli 2022 vedtok styret å engasjere Thema Consulting og Distriktsenergi for å greie ut og analysere dei ulike alternativa. Konklusjonen frå rapportane var at ein fusjon/samanslåing eller sal ville kunne føre til høgare effektivitet og rimeleg avkastning for eigarane, lågare nettleige, sikre attraktiv arbeidsplass framover og sikre dekning av kompetansebehov og utvikling av selskapet.

I styremøte 30. oktober 2022 vedtok styret «*Styret ser at ein fusjon eller sal av nettselskapet SkiakerNett AS med eller til eit anna selskap vil gripe så mykje inn i både mor- og systerselskapa at dette må sjåast i samanheng. Skjåk Vasskraft AS blir halde utanfor i dei vidare vurderingane*». 16. november 2022 vart det vedteke i generalforsamling (kommunestyret) å starte prosessen Ut frå vurderingar av framtidig, forutsigbar inntening både for eigar, innbyggjarane og næringslivet i Skjåk og krav til kompetanse og robuste fagmiljø, rår styret overfor generalforsamlinga til at det blir starta ein prosess for å sjå på kva ein kan oppnå ved ein fusjon med anna selskap av verksemda til konsernet Skjåk Energi med unnatak av Skjåk Vasskraft AS. Eventuelt sal av deler av verksemda må også vurderast opp mot fordelane ein kan oppnå.»

Vedtaket hadde vidare denne ordlyden:

«*Styret rår vidare til at det blir sett ned ei gruppe beståande av to representantar for eigar, ein representant for dei tilsette, styreleiar, ein til frå styret og elverksjefen som får fullmakt til å gjennomføre prosessen og at det blir innhenta ekstern, profesjonell kompetanse til å støtte prosessen. Prosessen skal ha som mål å oppnå best moglege vilkår for eigar, Skjåksamfunnet og noverande og framtidige tilsette i selskapa. Styret og eigar skal løpande haldast orientert om prosessen.*»

Medlemmar i prosjektgruppa har vore: Hans Sæther (styreleiar), Edel Kveen (ordførar), Morten Kielland (kommunestyremedlem), Hans Vigstad (styremedlem Skjåk Energi), Jan Erik Husom (tilsettrepresentant) og Per Rune Storødegård (elverkssjef).

Skjåk Energi var i dialog med ulike moglege aktørar for å vurdere moglegheita for ein eventuell fusjon/samanslåing.

04. mai 2023 vart 5 tilbydarar inviterte til å gje indikativt bud.

Innan fristen 20. juni 2023 kom 4 tilbydarar med bud, av desse presenterte 3 sine indikative bud 02. august 2023. 21. august 2023 vart det så valt å gå vidare med 2 tilbydarar, som vart gjeve frist til 05. desember 2023 for å kome med revidert finansielt bud.

21. desember 2023 valte Skjåk Energi å gå vidare i innleiande dialog med Gudbrandsdal Energi for å vurdere moglegheitene for fusjon av nett og fiberselskapet.

Skjåk Energi står overfor to vegval for si nett- og fiberverksemd (i) fusjon med Gudbrandsdal Energi, der nett og fiber selskapa vert fusjonert, samt tilsette i Skjåk Energi vert overførte til Gudbrandsdal Energi, eller (ii) Skjåk Energi vidarefører dagens organisasjon – og eigarskapsstruktur.

THEMA utarbeida ein rapport på vegne av Skjåk Energi for å greie ut fordelar og ulemper med dei to alternativa som står att. Rapporten er vedlagt som Vedlegg 1 til saksunderlaget. Det har vore jevnlege møter i prosjektgruppa i perioda, samt at styret har vore orienterte undervegs. Dei tillitsvalde vart orienterte om forhandlingene med Gudbrandsdal Energi i møte 09. april 2024. I allmøte 22. april 2024 vart dei tilsette orienterte om dialogen med

Gudbrandsdal Energi. Det har også vore gjeve informasjon til Skjåk kommune – både ved informasjon til kommunestyret 07. mai 2024 og til ordførar som medlem av prosjektgruppa og kommunestyret.

Miljømessige konsekvensar

Ingen

Vurdering

I løpet av dei siste åra har det vorte stadig tydelegare at små nettselskap går ei usikker framtid i møte. Dette hovudsakleg grunna stadige innstrammingar i reguleringsregimet for nettselskapa. Talet på nettselskap dei siste åra har vorte vesentleg redusert. Som påpeikt av THEMA er dei største drivarane i denne utviklinga endringane knytt til auka kostnadsnorm (press på effektiv drift), auka krav til digitalisering og samhandling mellom nettselskapa med tilhøyrande kompetansebehov. Med denne utviklinga har stordriftsfordelane auka som kan gjere det utfordrande å vere konkurransedyktig for mindre nettselskap. Generelt vert det peika på øvrige utfordringar med dagens modell for eit mindre lokalt eid nettselskap.

- Skjerpingar i reguleringa og auka krav,
 - Digitalisering / KI, herunder bruk av data,
 - Innkjøpskompetanse,
 - Teknisk krav
- Strengere kontroll og oppfølging av myndighetskrav
- Låg avkastning
- Digitalisering – IT-krav/behov
 - Det er peikt på at nye digitale løysingar vil effektivisere bransjen, men at det kan være utfordrande for små selskap å ta del i utviklinga
 - Kostnader til fagsystem (lisensar mm)
- Kompetansekrav og behov
 - Det føreligg risiko knytta til bemanning og at verksemda er avhengig av enkeltpersonar snarare enn systemene.
 - Ekstra ressurser i kritiske situasjonar
 - Spesialisering
 - Teknisk kompetanse og analyse
- Auka tariffar/nettleige grunna planlagte store investeringar
- Større investeringar (planlagt 35 MNOK for SkiakerNett dei neste fem åra) vert krevjande, dette må i stor grad lånefinansierast eksternt eventuelt må investeringane gjennomførast over ei lengre tidsperiode

Det kan på den andre sida argumenterast for at eit mindre sjølvstendig nettselskap representerer ein lettbeint organisasjon, lokal kontroll og forankring, og stor grad av kunnskap om det lokale straumnettet. I tillegg vert alle avgjersler og prioriteringar styrt lokalt.

Kontroll med vidareføring av lokale arbeidsplassar kan og være eit moment for å fortsetje som eit sjølvstendig selskap.

THEMA har i sin rapport (Vedlegg 1) vurdert dei to alternativa, der det særleg vert peikt på fylgjande, i tillegg til å peike på utfordringane framover ved å fortsette som et sjølvstendig nettselskap:

- Forventa auka utbytte direkte frå Skjåk Energi AS som følgje av ei meir effektiv organisering av Skjåk Energi med dotterselskapa Aursjokraft og Skjåk Vasskraft.
- Moglegheit for utbytte frå Vevig ved ei samanslåing
- Forventa redusert nettleige på MNOK 7,5 – 10 pr. år for Skjåk kommune totalt

THEMA har vidare halde fram at ei eventuell samanslåing vil kunne føre til at tilsette i Skjåk Energi vil kunne vidareføre eksisterande arbeidsplass i tillegg til at ei samanslåing vil bidra til å styrke beredskap og sikre tilgang til nødvendig kompetanse og styrke fagmiljøet.

Kommunedirektøren vil tilrå ei samanslåing av SkiakerNett AS og Vevig AS og Skjåk Energi Entreprenør AS og Gudbrandsdal Energi Fiber AS.

Kommunedirektøren si tilråding

Skjåk kommune godkjenner samanslåing av SkiakerNett AS og Vevig AS og Skjåk Energi Entreprenør AS og Gudbrandsdal Energi Fiber AS ved at Skjåk Energi AS inngår overdragelsesavtale med vedlegg slik denne er framforhandla der Skjåk Energi AS mottek 7,00 % av aksjane i Vevig AS og 5,01 % av aksjane i Gudbrandsdal Energi Fiber AS i byte mot 100 % av aksjane i SkiakerNett AS og Skjåk Energi Entreprenør AS.